



Sven Tor-Björn Lampa
Hammaren 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2930 - 17/19884

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
10.10.2017

GBNR 27/119 - Førespurnad om mogleg søknadspliktige tiltak

Kommunen har fått opplysningar om at det på dykkar eigedom er påbegynt arbeid som kan vera søknadspliktig etter plan- og bygningslova Kap. 20. Innvendige endringar som legg til rette for at garasje kan nyttast til eit anna føremål enn garasje, gbnr 27/119 på Moldekleiv.

Kommunen retter denne førespurnaden til dykk som matrikkelregistrerte grunneigarar av eigedomen. Føremålet er å avklare om tiltaket som er utført er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og om dette i så fall er utført ulovleg, jf plan- og bygningslova kap 32.

Alle byggjetiltak er avhengig av godkjent søknad om byggjeløyve med heimel i pbl. kap. 20, med mindre slik søknadsplikt er spesifikt unntatt gjennom pbl. §§ 20-3 eller 20-4. Byggjetiltak må uansett vere i samsvar med kommunen sine arealplanar, dersom det ikkje er gitt dispensasjon.

Eigedomen din er av reguleringsplanen for Moldekleiv regulert til bustad og garasje. Vi ser av sakshistorikk på eigedomen at det i 2016 er nabovarsla ein bruksendring av garasje til bustadføremål. Men sjølve søknaden er ikkje komen inn.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova, men ber i fyste omgang om utgreiing om tilhøvet. Kommunen ber om at følgjande punkt vert særskilt opplyst:

-Har grunneigar/tiltakshavar vurdert tiltaket opp mot plangrunnlag, eventuell trong for dispensasjon og/ eller søknadsplikt etter plan- og bygningslova?

- Nærare opplysningar om tiltaket, kva endringar er gjort.

- Andre relevante opplysningar grunneigar/tiltakshavar måtte ha om tiltaket.

Frist for skriftlig utgreiing er 30.10.2017.

Dersom det er utført byggjetiltak i strid med føresegner gitt i eller i medhald av pbl. har kommunen rett og plikt til å følge dette opp, jf. pbl. 31-2. Om handsaming av ulovlege byggjetiltak vert det vist til reglane om oppfølging av ulovlege byggjetiltak i pbl. kap. 32. Det må påreknast at kommunen vil gjennomføre synfaring i saka.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Sven Tor-Björn Lampa

Hammaren 11

5918

FREKHAUG